
Saksnr: 2020/72067-5
Saksbehandlar: Peter Forras

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.2021

Stranges Stiftelse, Klostergaten 28, Bergen kommune. Fredingsforslag til høyring og offentlig ettersyn.

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune sluttar seg til fredingsforslaget for Stranges Stiftelse

Samandrag

Stranges Stiftelse i Bergen er ein tidlegare sosial institusjon for eldre kvinner. Den ståande bygningen er reist i 1751 som den fjerde i rekkja på same tomte. Fortidsminneforeininga er eigar og forvaltar av bygningen. Stranges Stiftelse er kulturhistorisk og arkitektonisk særskild verdifull og freding av bygningen vil sikre kulturmiljøverdiane for framtida. Fylkesdirektøren vurderer Stranges Stiftelse som eit særskild godt bevart døme på ein tidleg sosial institusjon med regional og nasjonal verdi og tilrår at bygningen vert freda.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Stranges Stiftelse, Klostergaten 28, Bergen kommune. Fredingsforslag til høyring og offentlig ettersyn.
- 2 Stranges Stiftelse_Fredingsforslag
- 3 Stranges stiftelse Fredingsdokumentasjon

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stranges Stiftelse er kulturhistorisk og arkitektonisk verdifull som eit særst godt bevart døme på ein tidleg sosial institusjon. Stiftinga er ein karakteristisk representant for fattighusa for «verdige trengjande», eit viktig ledd i sosialomsorga i byane i tidleg moderne tid. Samtidig er Stranges Stiftelse, som ein institusjon for kvinner frå dei lågare sosiale laga i byen, nært knytt til ei samfunnsgruppe som har etterlate seg få markante kulturminne. Den kulturhistoriske verdien vert forsterka av stiftinga si særst lange, kontinuerlege historie, både i den noverande bygningen og i forløparane på same staden. Dette gjer Stranges Stiftelse til eit monument over meir enn 350 års sosialhistorie.

Den arkitektoniske verdien knyt seg særleg til den særprega utforminga og den høge bevaringsgraden. Planløyisinga har stor arkitekturhistorisk interesse som ein lokal variant av ein internasjonal bygningstype med røter i mellomalderen. Bygningen er med det både sjeldsynt og samstundes representativ for hospitalsarkitekturen i eit felleseuropeisk perspektiv. Forutan dei mange opphavlege og eldre bygningsdelane er også yngre element, frå tida fram til nedlegginga i 1972, verdifulle som spor etter den over 200 år lange, samanhengande bruken som sosial institusjon. Fredingsforslaget omfattar heile bygningen, gardsrom, og passasje frå Klostergaten inn til gardsrommet.

Fortidsminneforeininga er eigar og forvaltar av bygningen. Han vert i dag nytta som forsamlings- og selskapslokale, til kontorlokale og til kulturarrangement. Drift og vedlikehald vert basert på inntekter frå utleige og foreininga si verksemd. Foreininga ønskjer å bevare bygningen gjennom bruk. Fredinga er ikkje til hinder for små endringar som kan legge til rette for fortsatt bruk, det gjeld særleg eit føremålstenleg kjøkken og sanitæranlegg. Små endringar for å tilpassa kjøkken og sanitæranlegg kan sameinast med freding av bygningen dersom tiltaka vert gjort med tilpassing til opphøveleg materialbruk og er reversible endringar.

Bygningen er i god stand. Vedlikehald og istandsetting vert forvalta av eigedomsavdelinga til Fortidsminneforeininga. Bygningen reknast som i privat eige, og Fortidsminneforeininga kan søkje om istandsettingsmidlar frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 71. Dette er ei tilskotsordning for freda kulturminne frå etter 1537 i privat eige. Bygningen vert å rekna som ferdig istandsett, og vil ikkje ha stort behov for midlar frå ordninga.

Eigar var sjølv initiativtakar til freding av bygningen. Fortidsminneforeiningen, avd. Bergen og Hordaland, bad i brev av 26. oktober 2009 Hordaland fylkeskommune om å starta opp sak om formell freding av Stranges Stiftelse. Bakgrunnen var at inspeksjonen for Stranges stiftelse skreiv under ein fredingsavtale i 1975, og sidan har bygningen i praksis vore handsama som freda, både av eigaren og av kulturminnestyresmaktene. Melding om oppstart av freding vart, i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 1, sendt eigaren og kommunen i brev av 23. september 2020. Samstundes vart dette kunngjort i avisene Bergens Tidende og Bergensavisen. Det kom ikkje inn merknader til oppstartsvarelet. Fylkeskommunen utforma deretter fredingsforslag, og dette vart i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 sendt på høyring til partane i saka 15. mars 2021.

Vedtakskompetanse

Jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, delegering etter særlov, pkt. 14, kulturminnelova § 22, har Hovudutval for kultur, idrett og integrering mynde til å gje uttale i saker om endeleg freding.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Dersom bygningen vert freda kan eigar søkje om midlar frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 71. Midlane kjem frå statsbudsjettet, og vert årleg fordelt av Vestland fylkeskommune. Freding vil ikkje påverke andre sider av fylkeskommunen sin økonomi.

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

Konklusjon

Fylkesdirektøren vurderer Stranges Stiftelse som eit særst godt bevart døme på ein tidleg sosial institusjon med regional og nasjonal verdi og tilrår at bygningen vert freda.